

Kjære 8.klassing og foreldre/ føresette:

## Velkomen som konfirmant i Skjold, Vats og Vikebygd!

### Ei viktig tid - eit viktig val

Konfirmanttida er ei tid for å tenkja nye tankar og få nye opplevingar. I konfirmanttida er det tid og rom for å undra seg og stilla spørsmål. Det er og ei tid for å læra meir om Gud, om seg sjølv og om den kristne trua. Velkommen som konfirmant i kyrkjene i Skjold, Vats og Vikebygd! Me gler oss til å bli kjent med deg!

### Velkommen til informasjonsmøte for konfirmasjon 2027 i Skjold kyrkje onsdag 3.juni kl. 18.00

Møtet er for deg og dine føresette, er felles for Skjold, Vats og Vikebygd og vil gje deg som ny konfirmant ein smakebit på kva du har i vente og litt meir informasjon om konfirmanttida.

### Spønd.

Me bruker appen SPOND for informasjon og kommunikasjon gjennom konfirmantåret. Meir informasjon om dette blir gitt på møtet. Spør gjerne om å bli medlem i gruppa allereie nå. Koden er COWEA.

### Ei konfirmanttid for alle

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. I samarbeid med deg som konfirmant og dine føresette lagar me opplegg for konfirmanttida om du treng individuell tilrettelegging. Meld frå til oss så snart som mogeleg på telefon eller e-post om dette er aktuelt.

### Er du ikkje døypt? Eller døypt i eit anna kyrkjesamfunn?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er likevel ein føresetnad for å delta i sjølve konfirmasjonsgudstenesta. Det er vanleg at konfirmantar blir døypte i løpet av konfirmanttida i Vindafjord. Me legg til rette for ei dåpshandling slik de ønskjer, anten det er i ei vanleg gudsteneste eller som ein eigen seremoni. Om du høyrer til eit anna kyrkjesamfunn enn Den Norske Kyrkja kan du og ta del i konfirmantopplegget hos oss. Er du døypt i eit anna kyrkjesamfunn enn Den norske kyrkja kan du ta med kopi av dåpsattest på møtet 3.juni, eller du kan og sende denne til oss seinare



KONF  
IRM  
AN  
20 ✦ 27

enkle

## Konfirmasjonsdatoar våren 2027

Skjold kyrkje laurdag 24.april, Vats kyrkje laurdag 1.mai og Vikebygd kyrkje søndag 2.mai. Nærare informasjon om klokkeslett blir gitt på møtet 3.juni.

## Konfirmantopplegget

Me ønskjer å ha eit godt tilbod med variert undervisning og aktivitetar i konfirmanttida di. Dei fleste samlingane vil vera i Skjold kyrkje rett etter skuletid. Då startar me med mat før me har ulike tema.

I tillegg blir det nokre fellessamlingar med alle konfirmantane i Vindafjord. Og sjølve konfirmantåret startar nettopp med ein slik felles konfirmantdag laurdag 22.august på Brandøy på Bjoa. I starten av februar reiser me til Norheim kyrkje og deltek på konfirmantfestival saman med konfirmantar på Haugalandet og i Sunnhordland. Og i mars er me med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

## Gudstenester

Konfirmantåret inneheld deltaking på 8 gudstenester, inkludert sjølve konfirmasjonen. Nokre av desse gudstenestene er obligatoriske; som f.eks presentasjonsgudstenesta og lysmessa, mens andre gudstenester vel du sjølv kor tid du går på. Om du går på ei sjølvvalt gudsteneste i ei anna kyrkje enn her i Skjold, Vats og Vikebygd så tel dei og.

## Pris

Det vil kosta ca. 1700 kr å delta på konfirmantopplegget i kyrkja. Då er alle samlingar, mat og turar inkludert. Det er mogleg å søkja fritak/ redusert eigenbetaling for konfirmantavgifta. Sjå informasjon på nettsida eller ta kontakt med oss.

## Påmelding til konfirmasjon

Påmelding skjer på kyrkja i Vindafjord si nettside. [Vindafjord kyrkjelege fellesråd > Konfirmasjon](#). Påmeldinga opnar 1.mai.


Me gler oss til å bli kjent med deg!  
Velkommen som konfirmant i Skjold, Vats og Vikebygd!  
Lurer du på noko så ta kontakt.

Med helsing



Kyrkjelydspedagog Ester L. Åsheim og Sokneprest Elisabeth Fauskanger

Mob Elisabeth; 99270811  
e-post Elisabeth; EF475@kyrkja.no



STØRST AV ALT  
TRUSOPPLERING I DEN NORSKE KYRKJA